

## Informasjon om dispensasjon

### Vilkår

Dispensasjon krev grunnlagt søknad, dette er viktig for at kommunen skal kunne vurdere om vilkåra for å få dispensasjon er til stades. Om grunnleggving manglar vil kommunen ikkje kunne behandle søknaden. Vilkåra er at planen/regelen det vert søkt dispensasjon frå, ikkje blir vesentleg sett til side, og at fordelane ved dispensasjon er klart større enn ulempene ved ei samla vurdering.

### Krav til dokumentasjon:

- Skriftleg søknad i eige brev, eventuelt saman med byggje/frådelingssøknad. Brevet må beskrive tiltaket og dei grunnar ein vil føre i søknaden.
- Kopi av opplysningar gitt i nabovarsel. Det må gå fram av nabovarsel at ein søker om dispensasjon
- Kvittering for nabovarsel
- Kart over området der tiltaket skal plasserast. Husk særskilt: planstatus, avstand til veg, bygning og nabogrense. Kart må være av ny dato med tiltaket teikna inn i målestokk. Der det er krav til tilkomst, parkering, uteopphaldsplass eller liknande, må det visast korleis dette er tenkt løyst.
- Teikningar i målestokk 1:100 av tiltaket (plan, snitt og fasadar på bygg) Det må tydeleg gå fram av teikningane kva som er nytt og korleis tiltaket er tilpassa terreng og eventuelle andre bygg i nærleiken
- Andre løyver og privatrettslege avtalar som er avgjerande for søknaden (t.d. vegvesen)
- Eventuelt foto/teikningar/skisser som illustrerer situasjonen ytterlegare.

### Behandlingstid

Saksbehandlingstida kan variere frå 3-4 veker til 6-7 månader, avhengig av innhald i saka.

### Gebyr for saksbehandling

Storleik på gebyr for dispensasjonsbehandling avhenger av om ein søker om dispensasjon frå føremål i planen, eller frå føresegn i planen:

[Dispensasjon](#)

I nokre tilfelle må ein søknad om dispensasjon også behandlast etter konsesjon- og/eller jordlova:

[Jordlovs- og konsesjonsbehandling](#)

Om ein får innvilga dispensasjon kan gebyr for byggesøknad/oppmåling/seksjonering kome i tillegg:

[Byggesøknad](#)

[Oppmåling](#)

[Seksjonering](#)

### Annan informasjon

Reglane er slik at kommunen ikkje kan gi dispensasjon utan at saka har vore på høyring til fylkeskommunen og statlege fagmyndigheit (til dømes Statsforvaltaren, Kystverket, Statens Vegvesen) når deira fagområde er rørt. Rutinane i Hjelmeland er slik at alle saker i 100 meter beltet frå sjø/ferskvatn og saker som blir vurdert som prinsipielle, blir behandla politisk i Areal- og forvaltningsutvalet. Dispensasjonssøknader utanfor 100 meter sona og som ikkje blir vurdert som prinsipielle, blir handsama av administrasjonen i kommunen.

Du kan bestille situasjonskart og varsle naboar via [www.e-torg.no](http://www.e-torg.no)

Analoge skjema for nabovarsling og vedlegg til bruk i søknaden kan du finne ved å følgje lenka til Direktoratet for byggforvaltning: [www.dibk.no](http://www.dibk.no)

